

NU bind 3 del 1 kp 07

112166

## 7 Norges tapte våpenære?

«Du veit det passa ikkje for oss dette, med den opplæringa vi hadde fått».  
 (Kjell Evju, 1996)

### «Skulder ved skulder»

«Av den norske befolkning er det ytret ønske om å kjempe skulder ved skulder sammen med Tyskland for et nytt Europa. Herved har enhver frisk og vernedyktig nordmann adgang til å tre inn som soldat i den tyske krigsmakten. Slik heiter det det i ein brosjyre som søkte å verve norske ungdommar til tysk frontinnsats. I denne vervekampanjen møttest to ønskje. Den tyske krigsmakta opplevde eit umetteleg behov for nye soldatar. Difor vart det oppretta fleire ulike rekrutteringsvegar inn i tysk teneste. På den andre sida ønskete Quisling og mennene hans å bygge opp ein hær av norske frivillige for på den måten å «gjenreise Norges tapte våpenære», som dei sa. For Quisling låg NS-styret si historiske oppgåve i få i stand ein fredsavtale med Tyskland, slik at Noreg kunne stå fram som ein suveren stat innafor Det stor-tyske riket. Frivillig norsk ungdom skulle vise at landet var verdig til ein slik plass.

Germanske folk utanfor Tyskland kunne normalt ikkje gjere teneste direkte i Deutsche Wehrmacht. Men kampvillige ungdommar i dei okkuperte områda kunne førast inn i ulike avdelingar av Waffen-SS, Heinrich Himmlers elitesoldatar. Innafor ramma av SS-Division Wiking gjorde nordmenn innsats på ulike frontavsnitt gjennom det meste av krigen. Dei blir gjerne kalla «frontkjemparar». Vervingsaksjonane gjekk i bølgjer. Dei fleste melde seg frivillig, andre lèt seg verve under ulike former for tvang eller press. I alt gjorde meir enn 6000 nordmenn teneste på denne måten. Meir enn dobbelt så mange var innom vervekontora, men fleirtalet vart avvist som uskikka, eller fordi dei trongst i andre viktige stillingar. Om vi reknar at 15.000 melde seg til frontteneste, utgjer det meir enn ein firedel av alle medlemmene i Nasjonal Samling. Det inneber at eit stort fleirtal av dei manlege medlemmene i høveleg alder var innom eit vervekontor.

Frå Nore og Uvdal kan vi rekne tre frontkjemparar. Den første som reiste var Gudbrand Loftsgaard. Han var med på felltoget gjennom Ukraina mot Kaukasus frå sommaren 1941. Lars Skogen mista livet på Leningrad-fronten i 1942. Henrik Brun var offiser i Den norske legion, men kom ikkje til aktiv frontteneste.

For Quisling var det viktig at nordmennene skulle gjere teneste i norske uniformer og under norsk befal. Dei tyske rådgjevarane let vervinga skje på den måten, og Terboven gjekk ved eit høve langt i å love at formasjonane skulle bli sett under norsk leiing. Røyndommen var ein annan. Norske soldatar vart plasserte i tyske avdelingar med tyske uniformer og med tysk befal. Henrik Brun kom til å spele ei viktig rolle i denne konflikten mellom tysk og norsk leiarskap.

## **Regiment Nordland og Germanske SS Norge**

Waffen SS-Regiment Nordland var oppretta for å rekruttere frivillige frå dei nordiske landa. Eit tilsvarande regiment Westland tok opp frivillige frå Nederland, og regiment Germania rekrutterte for det meste ungdommar av tysk herkomst. Det fanst likevel ein del soldatar frå andre nasjonar i regimentet. Kjell Evju frå Flesberg gjorde teneste her. Alle tre regimentsa var ein del av SS-Division Wiking. Rekrutteringa av norske frivillige starta i januar 1941 etter oppmoding frå Quisling. Den første pulja på 200 vart teken i eid av sjølvaste Reichsführer-SS Heinrich Himmler i Hippodromen på Vindern den 30. januar. I alt gjorde omlag 700 frivillige teneste i Regiment Nordland. Desse utgjorde kring ein tredel av alle ikkje-tyske som vart verva våren 1941.

Dei fleste frivillige i Regiment Nordland melde seg før åtaket på Sovjetunionen i juni 1941. «Kampen mot bolsjevismen» kan neppe ha vore noko avgjerande motiv for alle desse, på det tidspunktet dei melde seg. Dei var likevel klare til frontinnsats mot Sovjetunionen frå første dag. Mange av dei gjorde seg fortent til høge utmerkingar. I november 1942 vart regimentet omdøypt til SS-Panzergrenadier-Regiment Nordland. Då hadde rekrutteringa av nordmenn til regimentet stansa opp. Dei frivillige fann på denne tida vegen inn i andre avdelingar.

I april 1941 kom Himmler til Noreg for andre gong, denne gongen for å ta i eid dei første 150 medlemmene av Norges SS. Denne organisasjonen var ein del av Allgemeine SS som var innretta for å dyrke fram ein rasemessig og politisk elite innafor den germanske blodsfellesskapen. Organisasjonen verka i praksis som ein rekrutteringsinstitusjon til frontteneste. Norges SS kom difor ikkje til å spele nokon viktig sjølvstendig rolle, og gjekk etter kort tid på det næreste i oppløysing. I staden vart Germanske SS Norge oppretta sommaren 1942 med Jonas Lie som leiar og Sverre Riisnæs som nestleiar. Denne organisasjonen opplevde eit medlemstal på vel 1200 på det meste. Fleire partimedlemmer i Nore og Uvdal gjekk inn som såkalla «støttende medlemmer» i denne organisasjonen.

## **I Ukraina i kamp mot bolsjevismen**

Dei bøkene som er skrivne av frontkjemparar, har ofte preg av å vere forsvarsskrift. Frontkjemparane har gode grunnar for å skrive på den måten, for det har vore vanskeleg å godta at samfunnet har rekna dei som brotsmenn, endå dei sjølve meinte dei handla ut frå heiderlege motiv, den gongen dei melde seg til teneste.

Gudbrand Loftsgaard frå Nore er lite oppteken av å forsvare handlemåten sin. Så er det også lett å sjå at livet hadde vorte enklare om han hadde lete vere å reise til Drammen og melde seg hjá ortskommandanten der i februar 1941. Med den distansen som åra gir, kan Loftsgaard nå sjølv spørje, slik vi andre gjer: Kva fekk ein syttenåring frå Åsbøgrenda i Nore til å melde seg til krigsteneste for ei framand makt? Han har funne nokre forklaringar, så langt det er råd å finne forklaringar på menneskeleg handlemåte.

Heime på Loftsgarden hadde dei to atlas. Det eine var det gamle atlaset til faren, Nils G. Loftsgaard, og det andre var eit nytt skoleatlas. Som gutar studerte Gudbrand og broren Kittil desse nøye. Dei leika med ishavsskuter og oppdagingsfartøy, og dei manøvrerte Amerika-båtar og slagskip over ope hav, gjennom tronge sund og inn i kanalar og havbukter. Dei la merke til

at karta var ulike, og at grensene mellom nasjonane var forskjellige. Det var på grunn av den første verdskrigene og dei vilkåra som vart fastesette i fredstraktaten, kunne læraren Jon Hellemo fortelje. I 1935 følgde tolvåringen med på folkeavstemminga i Saarland, der 90 prosent stemte for å bli innlemma i Tyskland. Vilkåra i Versailles-traktaten hindra det. Heilt frå denne tida kan Gudbrand minnast at han tok pro-tyske standpunkt i diskusjonane med veslebroren. I 1936 anekterte Tyskland dei tyske områda i Rhinland, også det i strid med Versaillestraktaten. Gudbrand syntes det var i orden. Kvifor skulle ikkje «folkenes selvbestemmelsesrett» også gjelde for tyskarar?

Gudbrand var ein ivrig radiolyttar. Utanom norsk radio følgde han med i svenske og finlandsvenske sendingar. Det året Gudbrand fylte 14 år begynte han på den private middelskolen på Rødberg. Der fekk han lære framandspråk, og kunne lytte på Deutschland-Sender i radioen. Den tok også inn ein russisk sendar som sende på svensk. Det var lett å oppdage at verda såg annleis ut i Moskva enn i Berlin. Dei fleste elevane på skolen kom frå anleggsmiljøet på Rødberg, og fleire av dei kom frå sosialistfamiliar. Berre to gutter kom frå gardar sør i Nore. I diskusjonar gjerne uttrykk for tankar han hadde teke over frå omgangskretsen i Nore. Der vart bondesamfunnet sine konservative og nasjonale haldningars framheva i kontrast til forkjemparane for «det brukne gevær» i arbeidarmiljøet på Rødberg. Det sovjetiske angrepet på Finland før jul i 1939 skapte bitre reaksjonar i kameratflokkene, og lysta til å hjelpe vart vekt. Men det var ikkje bruk for ein 16-åring.

Våren 1939 reiste elevane til Kongsberg for å ta eksamen. Der vart dei kjende med eit tyskorientert miljø av lærarar og elevar ved den høgare skolen, med rektor Bang i spissen. Anders Bang, ein av sónene til rektor, var om lag på same alder som Gudbrand. Etter den norske kapitulasjonen sommaren 1940 tok fleire av lærarane og elevane på Kongsberg ope parti for den tyske sida i krigen. Kameratane på Kongsberg sende propagandamateriell om medlemsvervning til Gudbrand, og på nyåret kom det brosjyrer som lokka med militær utdanning i Tyskland, i ei norsk avdeling. Dette vekte interesse. Gudbrand bar nok også på ei viss eventyrlyst og ein porsjon opposisjonstrong. Så då han hadde fylt 17 år, reiste han til Drammen og melde seg, utan at foreldra visste det. Mora syntes det var forferdeleg. Men faren nøyde seg med å seie: «Det er mykje rart ein kan finne på».

Gudbrand hadde ingen klare tankar om at han skulle til fronten for å kjempe på tysk side. I vervebrosjyrene heitte det at soldatane i Regiment Nordland skulle tenestegjere i norske avdelingar og med norsk befal. Etter at den norske hæren formelt var oppløyst av Administrasjonsrådet sommaren 1940, var regiment Nordland den einaste vegen for den som ville få seg militær utdanning og kanskje slå inn på ein militær løpebane. Det kom ingen åtvaringar eller parolar frå patriotisk norsk hald. Derimot utfalda det seg i breie delar av folket ein sterk kritikk mot den «duglause regjeringa» som hadde forsømt forsvaret og lete landet ligge ope for framande makter. Dette er meininger som også var vanlege mellom «jøssingar». Desse meiningane overlevde krigsåra, og blir ennå i dag brukt for å gi kraft til argumenta i debatten om forsvarsspørsmål.

Turid Loftsgaard følgde sonen sin til jernbanestasjonen på Loenga der rekrittane vart lasta inn kring den 10. mars. Ho kjende seg meir roleg etter at Gudbrand fann saman med ein traust bondeson frå Østerdalen. Toget frakta rekrittane til St. Andreas ved Sennheim, eller Cernay som byen heiter i dag. St. Andreas var ein stor, katolsk institusjon for psykisk utviklingshemma. Tyskarane hadde gjort staden om til eit militært opplæringsenter. Frå St. Andreas gjekk turen til Graz i Østerrike. Der vart rekruitopplæringa avslutta. I Heuberg i

morgenon heisa det det norske splittflagget. Langt frå alle var medlemmer av NS eller hirda. Befalet innprenta at rekruttane skulle utgjere stammen i ein ny norsk hær. Dei hadde fått løfte om at når opplæringa var ferdig, skulle dei bli sett inn på finsk side i Finland. Det var ingen tyske rådgjevarar til stades på Gulskogen, og tyskarane blanda seg ikkje inn i instruksjonen. Men dei leverte heller ikkje ut våpen til legionærane. For bak kulissane gjekk det føre seg ein maktkamp om leiinga over legionen.

Den 29. juli kom det ordre om at bataljonen skulle overførast til Tyskland. Legionærane skulle vere klare til transport innan 24 timer. Under den siste oppstillinga på Gulskogen vart dei likevel fortalt at dei skulle bli sende til Finland og bli sett inn saman med den finske armeen. Den 30. juli gjekk om lag 700 legionærar om bord i eit skip i Drammen. Først etter fleire timer forstod dei at turen gjekk til Tyskland. I lommene hadde dei avtalar som forplikta dei til ei tenestetid på seks månader. Det skulle vise seg at desse avtalane ikkje var mykje verdt.

Reisemålet var militærleiren i Fallingbostel på Lüneburgerheden. Der var kommandospråket og uniformene tyske, slik det var i Regiment Nordland.

### **Henrik Brun ved Narvik-fronten**

Henrik Brun frå Uvdal var med under oppbygginga av Den norske legion. Han var ein av dei mest konsekvente forsvararane av dei norske interessene, og kom på den måten i opposisjon til dei tyske overordna i Fallingbostel. Han måtte dra heim att til Noreg før legionærane reiste til fronten.

Henrik Brun har etterleite seg fleire skrifter. Det viktigaste er ein rapport om kompani 7/IR15 som han førte på Narvik-fronten i 1940. Der tek han eit kraftig oppgjer med den norske offiserstanden, som han meiner svikta oppgåva si. Når Bruns eige kompani utmerka seg, var det fordi han kravde fullkommen lydnad frå mannskapa, samtidig som han sjølv utsette seg for dei same påkjenningane som han kravde av soldatane. Dei opplevingane Brun hadde ved Narvik-fronten, synest å ha påverka det standpunktet han kom til å ta seinare.

Hausten 1939 søkte Brun permisjon frå hæren for å melde seg som frivillig i Finland. Han ville ikkje «at Norge skulle oppleve den skjendsel, at norske frivillige ble ført av fremmede offiserer». Som mobiliseringspliktig offiser fekk han ikkje permisjonen innvilga. Då bad han i staden om å bli beordra som kompanisjef ved nøytralitetsvakta i Nord-Noreg. På den måten ville han vinne erfaring i tilfelle det skulle bli krig også her i landet, sa han. Han overtok kompaniet sitt i slutten av januar i 1940. I motsetning til i Sør-Noreg, der dei militære avdelingane vart overrumpla av tyskarane, fekk offiserane i Nord-Noreg den tida dei trong til å organisere seg. Likevel svikta fleirtalet av offiserane også her, meinte Brun.

Kompaniet låg i Bardu. Brun var sikker på at krigen ville komme. Ventetida brukte han til å trena kompaniet og til å komplettere utstyret. Han gav beskjed til regimentskontoret om at lønna hans skulle haldast attende som garanti for innkjøp han kom til å gjøre utan godkjenning frå overordna. Han såg med skepsis på offiserkollegaene sine. Offiserskorpset hadde uthola «lydighetsplikten», meinte han, slik at disiplinen ikkje kom til å halde i ein krigssituasjon. I soldathandboka fanst det ingen haldepunkt som kunne nyttast for å innskjerpe kampmoralen. Brun laga difor sin eigen ordre om «lydighetsplikten» som han las opp for kompaniet «under giv akt og honnør». Han meinte heile offiserkorpset trong ei liknande innskerping. Difor skreiv han den 18. mars eit brev til kong Haakon, «som øverste krigsherre». Der kalla han dei norske mannskapa for «sivile i uniform», og bad Hans

Majestet om å sende ut ei dagsbefaling om «lydighetsplikten». «Offiserkorpset må på innsiden av skinnet vite, at det å være offiser, er å gi av all evne uavlatelig», skreiv han i brevet. Brun sende brevet tenesteveg. Det kom difor ikkje lenger enn til bataljonssjef Ivar Hyldmo, som Brun aldri nemner med namn. Sjefen for II. bataljon blir av Brun berre omtala som «majoren».

Så kom landet i krig. Om kvelden den 8. april fekk kaptein Brun ordre om å føre heile II. bataljon mot Narvik. Det vart innleiinga til meir enn fem veker med samanhengande frontinnsats. Om kvelden den 9. april fekk Brun høyre om Quislings tale i radioen. Quisling bad dei militære legge ned våpna. Det første straks til at kampviljen blei tent hjå soldatane. «Quisling hjalp mig godt den 9. april», skreiv Brun etterpå.

I desse hektiske dagane ved fronten, saman med soldatane, kjende Brun seg beint fram lykkeleg. «I kamplinja sammen med mine soldater følte jeg meg tryggere enn noen gang siden jeg var barn», skreiv han. Men det han opplevde utanfor sitt eige kompani, gjorde han rasande. Då meldinga kom om at engelskmenn og franskmenn heldt på å bli sett i land ved Narvik, kom han med dette utbrotet til bataljonsjefen: «Før vi ennu er ferdigmobilisert står fremmede tropper i Norge som våre allierte. Noen fremmede skal vi få slåss mot, andre ikke. Hva slags nøytralitet er dette!» Etterpå kommenterte han situasjonen slik: «Jeg syntes det luktet dritt av så alt for mye i dette land: Quisling, regjering, Storting, presse, major osv. Skulle vi da ikke selv skape soldaterdåden som grunnlag for norsk åndelig reisning!»

Den 18. mai fekk Brun vite at Kongen og regjeringa var komne til Nord-Noreg. Han søkte då om permisjon for å gjere eit nytt forsøk på å få kongen til å stramme opp offiserskorpset. Endå ein gong sende han brevet, adressert til «Kong Haakon, Nord-Norge». I eit følgjeskriv skildrar han hæren som «stuller og steller under fredens tegn, nu som før». Dersom ingen ting blei gjort for å reise forsvaret, ville han ikkje lenger bere den skamma det var å gå i norsk offiseruniform, men ville søke om å få gjere teneste som menig, stridande soldat ved fronten. Han avslutta brevet til kongen slik: «Skal ikke denne krig bli en sunnhetskilde for vårt folk? Om det verste hender, skal da ingen /.../ foreldre hviske i hjemmenes kroker om hva fedrene utførte, som et utgangspunkt for senere norsk reisning, når sjansen engang kommer? Skal vi tape også dette?»

Henrik Brun gjorde alvor av trugsmålet sitt. Han venta i 14 dagar, og så sende han søknad om å bli løyst frå offiserspliktene for å bli sendt til fronten som menig soldat. Straks etter dette, den 7. juni, reiste kongen og regjeringa frå landet. Den 10. juni kapitulerte restane av den norske hæren. Brun fekk søknaden sin i retur. Han kommenterer lakonisk at søknaden først vart innvilga ved landssvikdommen hausten 1946. Då miste den vidjetne kompanisjefen frå Narvik-fronten retten til å gjere teneste i det norske forsvaret.

Henrik Brun kom heim att til Uvdal midt i juni 1940.

### «Jern-Henrik»

Namnet «Jern-Henrik» vart hengande ved Henrik Brun frå tida ved Narvik-fronten. Han brukte sjølv namnet når han skulle forklare korleis kollegane hans såg på den kompromisslause kompanisjefen. Han fortel også at offiserar prøvde å undergrave autoriteten hans ved å skjelle han ut som «gal». Han presenterer elles seg sjølv som «relativt tyskvennlig», og seier beint ut at i stormaktskonflikten var han på parti med Tyskland. Men først av alt var han ein nasjonalt innstilt nordmann som ville verne om nasjonens ære. Endå etter at Setermoen var teken av tyskarane, heisa

par mil frå elva. Termometra viste 45 kuldegrader den vinteren. Det er rekord, sjølv for Ukraina. Det vart for lite bensin og kjøleveske til bilane. Soldatane mangla vinterutstyr av alle slag. Dei måtte berege seg som best dei kunne. Grupper på fem-seks delte rom med dei sivile som framleis var att i distriktet. Soldatane låg i halmsenger på jordgolv, medan huset sine eigne folk låg i sengene eller oppå dei enorme, halmfyrt leiomnane.

Dei uendeleg lange nattevaktene har festa seg godt i Gudbrand sitt minne. Dei isande vindane frå Sibir skar gjennom alle klede. I april vart Gudbrand sjuk. Feltsjukehuset i Stalino slo fast at han leid av alvorleg lungebetenesle og sende han i eit lasarett-tog den lange vegen til eit sjukehus i Praha. Etter to månader på sjukehuset og to veker på ein kurstad, kom han til «Ersatz-Lager» Arolsen i Westfalen. Det var ein stor samleleir for restituerte, såra og sjuke soldatar, før dei vart sende attende til avdelingane sine eller tildelt nye avdelingar som var under oppsetting. Gudbrand fann tida inne til å söke om permisjon for å reise heim til Noreg.

I Nore arrangerte partifolka i november 1942 eit møte. «Frontkjemper Gudbrand Loftsgaard forteller fra krigen på Østfronten» stod det i kunngjeringa. Gudbrand minnest arrangementet med blanda kjensler. Han var ingen stor foredragshaldar. Om formålet med møtet var å verve nye frivillige, må det reknast som mislykka. Det kom ingen nye frontkjemparar frå Nore. Gudbrand let seg overtale av foreldra til å söke om fritak. Kontraktida på eitt år var ute for lenge sidan. Han reiste attende til Arolsen, og søknaden om dimmisjon vart innvilga i januar 1943. Gudbrand fekk reise heim. Det var verre å få fri for dei som kom seinare, sjølv om dei hadde tent kontraktstida ut. For Gudbrand talte det nok med at han hadde vore alvorleg sjuk.

Heime i Noreg vart Gudbrand knytt til Hirdførarskolen, først i Holmestrand og seinare på Grenland ved Porsgrunn. I 1944 flytta skolen til Sørmarka ved Oslo. Der var Gudbrand Loftsgaard framleis i teneste i intendanturet då freden kom i mai 1945.

## Den norske legion

Etter angrepet på Sovjetunionen i juni 1941 kom den andre rekrutteringsbølgja. Endeleg var frontane klare. Nå kunne nordmenn melde seg til kamp mot den verkelege fienden, som var bolsjevismen. 30.000 mann fordelt på sju bataljonar burde vere innafor rekkevidde, meinte Quisling. Og den 29. juni lova Terboven i ein radiotale at Den norske legion, eller Freiwilligen Legion Norwegen som var det offisielle namnet, skulle bli utdanna som ei norsk eining under norske befal. Denne lovnaden frå Terboven var medverkande til at så mange som 1.700 mann melde seg om sommaren. Utetter hausten kom eit par hundre til. Det var likevel langt att til dei sju bataljonane som Quisling hadde tenkt seg.

Den norske legion vart bygd opp med ein stab av norske offiserar. Det var nok å ta av. Om lag 700 av eit samla offiserkorps på kring 1500 stod i medlemslistene til NS sommaren 1940. 500 av dei skreiv under på eit opprop om å melde seg til teneste i legionen. Ein av dei 43 offiserane i hovudstaben var Henrik Brun frå Uvdal. Grunnstammen i legionen var knapt 150 medlemmer av Norges SS som i juni 1941 var samla på SS-skolen på Kongsvinger. Dei vart seinare overført til Bjølsen skole i Oslo der 700-800 frivillige samlast utover sommaren.

I slutten av juli flytta leiren til Gulskogen ved Drammen. Rekruttane gjekk i norske skjorter. Dei spretta hakekorset av uniformen og sette på armbind med dei nasjonale fargane rundt venstre arm. I båluene festa dei merke med raudt, kvitt og blått. Dei song norske, nasjonale songar. Om

Würtemberg vart den nye SS-divisjon Wiking sett opp, og nådde i juni full styrke med nær 20.000 mann i alt. Nordmennene vart spreidde omkring i ulike avdelingar i divisjonen, ikkje samla i regiment «Nordland» slik føresetnaden var. Protestar var nyttelause. Gudbrand kom til 3. batteri i FLAK-Abteilung 5, som var ei felles luftvernavdeling for heile divisjonen. FLAK er ei tysk forkorting for «Flugabwehrkanone» eller «luftvernkanon». Divisjonen trøng fleire sjåførar. Gudbrand hadde ikkje sertifikat, men hadde køyrt litt heime. Så fekk han køyreopplæring og ansvaret for ein Opel Blitz lastebil.

Tidleg i juni flytta heile divisjon Wiking til Ober-Schlesien i Polen, til området nord for Breslau, eller Wrocław som byen heiter i dag. Som ein del av 1. Panzerarmee under general Ewald Kleist marsjerte divisjonen den 18. juni austover mot den sovjetiske grensa. Ingen var lenger i tvil om målet. Dei skulle kjempe mot Finlands fiende. Gudbrand minnest ei sterkt kjensle av lette. Det var dette han var komen for. Om morgonen den 22. juni kunne soldatane høyre drønna frå det tyske artilleriet. Operasjon Barbarossa var i gang.

Dei neste dagane og nettene kryssa det meste av divisjonen grensa til Sovjetunionen. Avdelingane kom straks i heftige kampar i dei vestlege provinsane i Ukraina. Divisjonen sitt kjenneteikn var raske og overraskande framstøytar. Denne taktikken kom til å koste dyrt både av liv og materiell, også i divisjonen sine eigne rekker. På ein husvegg hadde soldatar lese bynamnet «Rawa-Ruskaja». Det var eit namn dei syntest høvde godt til den kaotiske og uoversiktlege situasjonen under frammarsjen. Nordmenn vart tidleg å finne mellom dei falne, slik som ved Taratscha og Smela vest for Dnjepr. Endå fleire miste livet lengre sør, på begge sider av denne veldige elva. FLAK-avdelinga, der mange nordiske mannskap gjorde teneste, vart ikkje berre nyttta mot fly, men spela ofte ei avgjerande rolle i dei store pansersлага der sovjet-soldatar i hundretusental vart tekne til fange.

Som sjåfør slapp Gudbrand unna dei bitre stridane heilt framme ved fronten. Han vart aldri såra. Han minnest sommardagar med steikande sol og tette støvskyar, lange og sveitte dagar under stålhjelmen i eit glovarmt førarhus. Så snart bilen stansa, kjende han den sterke eimen frå bensinlasta. Han minnest også dei mange døde, både menneske og hestar, langs vegar og marker. Såra og døde tyske soldatar vart, så langt råd, tekne hand om med det same av kameratane og av folk frå Røde Kors. Døde russarar kunne bli liggande til kampen stilna, og sivile i nærliken kunne komme til.

Fronten flytta seg raskt, men rykkvis austover. Gudbrand minnest kampane ved Uman og Smela. Men sterkest inntrykk gjorde den veldige innsatsen ved Dnjepropetrovsk for å befeste overgangane over Dnjepr og slik sikre frammarsjen vidare austover. Tyske fortroppar nådde i oktober fram til Rostov, som var kalla porten til Kaukasus. Å vinne kontroll over oljekjeldene der var eitt av måla med felttoget. På denne tida skreiv soldatane brev heim om at offensiven gjekk mot slutten. Endå til den tyske stabssjefen i Hærens overkommando meinte offensiven skulle vere over før jul. Det gjekk ikkje slik.

Haustregn og nattefrost hadde i fleire veker bløytt opp vegar og marker. Køyretøya stod anten fast i sugande gjørme eller i stivfrosne, djupe panserspor. Sjøførane fekk skulda, endå dei sleit døgnet rundt. Samtidig sette utkvilte sovjetiske divisjonar inn motangrep i den glisne tyske flanken. Dette var slutten på haustoffensiven i det tyske historikarar kallar «Russlandfelttoget».

Wiking-soldatane sprengde seg forsvarsstillingar i bakken vest for elva Mius, nord for Taganrog-bukta. Gudbrands batteri fekk vinterkvarteret sitt i ein liten by nær Uspenskaja, eit

Brun det norske splittflagget i stonga medan tyske offiserar gjorde honnør. Det som skjedde der, er som eit førevarsle for det som skjedde hjå Den norsk legion i Fallingbostel.

Hjå Henrik Brun finn vi fleire trekk som vi kjenner att frå nasjonalsosialistisk ideologi. Han ser på krigen som ei form for lykkelstilstand der både enkeltmenneske og nasjon skaper sin eigen lagnad. «For meg var krigen en rik, om enn krevende opplevelse». Når kampen var mest intens, midt i det han kallar «et raganrok av ild», då var han «verdens lykkeligste menneske». «Skulle ikke jeg være takknemmelig over å få være med å skape dette?» I skriftene sine gir han også uttrykk for darwinistiske idear om den sterke sin rett. Dette var tankar han fekk stadfesta ved fronten. Han skriv difor om «de svake elementer blant kompaniets befal og bataljonssjefen, som stadig hadde hemmet den åndelige konsolidering av kompaniet». «Uten våpendåden er alt tapt. Da har man intet å reise seg på», skriv han ein stad. I alt dette er Henrik Brun berar av tankegods som representerer ein hovudstraum i europeisk åndsliv mellomkrigstida.

I eit skrift på 110 sider, som brun skreiv i 1950, hevda han med styrke at når det militære forsvaret hadde kapitulert, og når kongen og regjeringa hadde reist frå landet, då var «okkupanten i følge folkeretten Norges lovlige herrer, sålenge krigen varte, kun begrenset av folkerettens bestemmelser. - Det var nu overhode ingen øverste, ansvarlig, lovlig, konstitusjonell norsk myndighet til å gi ordrer og direktiver for nordmenns handlinger i Norge». Dette var inga uvanleg oppfatning i Noreg i 1940. Det var ein slik tankegang som låg til grunn då Administrasjonsrådet vart oppretta som eit mellomledd mellom den tyske okkupanten og den norske sivilforvaltninga. Og det var ein slik tankegang som låg til grunn då eit fleirtal av stortingsrepresentantane var nær ved å gå med på å be kongen abdisere for deretter å danne ei norsk samarbeidsregjering. Det følger av dette synet at Noreg ikkje lenger var i krig etter den 10. juni. Då fall også grunnlagt bort for ein del av rettsoppgjeret etter krigen.

Eit anna syn, som har støtte frå dei fleste juristane og historikarane, går ut på at det berre var stridskrefte i Noreg som la ned våpna. Noreg som stat var framleis krigførande under leiing av regjeringa i London og i samarbeid med våre allierte. Nøytralitetslinja var oppgitt alt med kongens nei i aprildagane. Det formelle grunnlaget for å føre kampen vidare, hadde regjeringa fått med «Elverumsfullmakten», sjølv om denne fullmakten ikkje var vedteken i samsvar med dei reglane som normalt gjeld for arbeidet i Stortinget. Men viktigare enn dette formelle grunnlaget er den avklaringa som gradvis skjedde både hjå regjeringa i London og hjå ei veksande motstandsrørsle her heime. Med norske sjømenn som miste livet på havet, og med stadig fleire offer for tysk terror her heime, vart det klart for fleirtalet i det norske folket at landet faktisk var i krig. Då måtte ein innrette seg etter det. Kampen måtte førast vidare med dei middel ein rådde over. Nordmenn måtte ta på seg sin del av ansvaret for å frigjere Noreg og gjenreise eit fritt Europa.

Henrik Brun og andre som hadde teke parti for Tyskland i stormaktskonflikten, måtte arbeide for å nå målet om «eit fritt Noreg» etter andre vegar: «Uansett personlige sympatier eller antipatier overfor okkupanten, hadde enhver nordmann nu plikt til på folkerettens og kapitulasjonsdokumentets grunn, å sette sig inn for atter å vinne et fritt konstitusjonelt Norge». Slik skreiv han i 1950. Og han la til: «Det hadde vært av den største verdi om vi herunder hadde hatt vårt forsvars våpendåd som grunnlag herfor. Her forsømte vi i Nord-Norge, våren 1940, å gjøre noe som var av vesentlig betydning».

Med eit slikt utgangspunkt er det ikkje overraskande at Henrik Brun valde å stilte seg til rådvelde for Den norske legion, då denne organisasjonen skulle byggast opp sommaren 1941.

## I Fallingbostel

Den norske legion vart bygd opp med tanke på å bli sett inn på fronten i Finland. Legionen sin hovudstab i Oslo fekk difor dimensjonar som ein brigadestab. Sjefen for legionen var oberst Finn H. Kjelstrup. Vi finn først namnet til Henrik Brun knytt til det såkalla Organisasjonskontoret. Men Brun treivst best saman med soldatane. Difor finn vi han att som kompanisjef for 1. kompani i treningsleiren på Gulskogen ved Drammen. Saman med resten av bataljonen drog Henrik Brun og kompaniet hans til Fallingbostel den 30. juli. Ved avreisa stadfesta bataljonsjefen, Jørgen Bakke, at det endelege målet var Finland. Bakke, som gjekk ærend for tyskarane i denne kampen om kontroll over legionen, visse at avdelingane ikkje lenger kunne haldast saman dersom den rette samanhengen vart kjent. Det er uklart om Henrik Brun og dei andre underordna offiserane hadde kjennskap til at soldatane deira på denne måten vart offer for eit kupp.

Etter at bataljonen var komen til Tyskland, vart Jørgen Bakke av tyskarane utnemnt til ny sjef for heile Den norske legion. Han skulle ikkje lenger ta imot ordre frå oberst Kjelstrup. På den måten vart legionen riven laus frå staben i Oslo. Soldatane dreiv framleis øvingar utan våpen. Kaptein Brun kjende det som ei audmjuking. Den 17. august heldt han ein tale til soldatane. Der sa han mellom anna dette: «Vi står her i et fremmed land, etter 5 uker, fremdeles våpenløse, som om vi skulle være krigsfanger i fiendeland». Og han heldt fram: «Vi legionærer, vi frontkjempere er de egentlige garantister for at Adolf Hitler holder sitt ord om et «Fritt Norge». Dagen etter fekk legionærane våpen. Men dei tyske sjefane heldt Brun under oppsikt. Dei forstod at for Brun var det norsk ære som stod på spel. Tysk framgang på slagmarkene kom i andre rekke.

Ut på hausten kom Olaf T. Lindvig etter frå Gulskogen til Fallingbostel med ei ny pulje på 60-70 legionærar. Lindvig vart då straks sett inn som troppsørar under SS-Hauptsturmführer Henrik Brun. Men Brun var alt på veg bort frå kompaniet, pressa ut av dei tyske sjefane. Her, som ved Narvik-fronten, var han først inne på tanken å gå inn som vanleg, menig soldat. Han valde likevel å reise heim att til Uvdal. Avskilsorda hans var enkle: «Tross alt, gutter, dere kjenner Norges ære brenne i hjertene. Hold ut karer! Hold ut!»

Olaf T. Lindvig tok over som sjef for 1. kompani. Heime i Noreg opplevde Henrik Brun å bli teken i forhør og måtte sjå at heimen hans på Lunda vart ransaka av Gestapo. På ungdomsherberget Løvlund møtte Brun Getapo-mannen Siegfried Fehmer. Etter ei skarp ordveksling utbraut sjefen for den tyske kontraspionasjen: «Men vi er da i krig med hverandre, herr Brun!»

Nye puljer av legionærar slutta seg til. I slutten av desember kom ei skiløparavdeling som major Arthur Quist hadde utdanna på Torpomoen. I mellomtida hadde heile legionstabben i Oslo vorte avsett av tyskarane. Og legionærane hadde sverga truskapseiden til Hitler som øvste krigsherre. Heime i Noreg gjekk det ut ei oppmoding til norske kvinner: «La ikke legionærene fryse». På same måte som under nøytralitesvakta og Finlands-krigen to år før, vart det prøvd å mobilisere kvinneorganisasjonane for å skaffe varmt vinterøy til soldatane. Ved årskiftet oppheldt det seg mellom 1800 og 1900 norske legionærar i Fallingbostel. Den 1. januar 1942 kom marsjordren.

Major Arthur Quist hadde den 20. desember teke over som sjef for bataljonen i Fallingbostel. Jørgen Bakke var sendt til andre oppgåver. Quist hadde gjort ein avtale med tyskarane om at legionen skulle sendast til Noreg for å komplettere utstyret før dei skulle dra vidare til fronten i Finland. Første etappe gjekk til Stettin der soldatane skulle lastast inn i båtar for å bli sende til Noreg. Denne vinteren var ekstra kald. Østersjøen var full av is slik at det var uråd å komme vidare i båt. Difor vart

legionærane gåande i Stettin i over ein månad. Den 17. februar dukka Reichsführer Heinrich Himmler opp. Han fortel at russarane har brote gjennom linjene ved Leningrad. Dei norske frivillige skulle sendast dit alt neste dag. Slik hamna Den norske legion i Sovjet, og ikkje i Finland. Mange av dei norske legionærane fann seg ei grav der.

### Gravlagt i Krasnoje Selo

«Vi var fora med russerhat helt fra 1918 til 1940». Det er Nils Skogen som seier dette. Sjølv var han aktiv motstandsmann under krigen. Men den eine broren, Lars Skogen, såg det annleis. Han melde seg til teneste i «kampen mot bolsjevismen» og let livet på Leningradfronten den 29. april 1942. I alle år har Nils Skogen bore på desse spørsmåla: Kva fekk Lars til å velje som han gjorde? Kvifor kom dei to brørne til å skilje lag? Finst det i det heile enkle forklaringar på at menneske handlar som dei gjer?

Far til dei to brørne, Ole Skogen, vart i 1925 vald til ordførar i Nore. Arbeidarpartiet fekk sitt gjennombrot på bygdene nett på denne tida. I Nore fekk kandidaten fra Arbeidarpartiet støtte frå den eine representanten for «funksjonærlista» og stilte dermed likt med dei borgarlege. Skog- og sagbruksarbeidaren Ole Skogen vart deretter vald til ordførar ved loddtrekning. Den sterke oppslutninga om Arbeidarpartiet, der både lærarar og arbeidsfolk frå bygda stilte side om side, ser Nils Skogen som eit teikn på at «russarhat» og frykt for sosialismen ikkje greip særleg djupt i Nore, trass alt. Det er òg grunn til å merke seg at av dei to frontkjemparane frå Nore, kom den eine frå ein heim med borgarleg, og den endre frå ei heim med sosialistisk orientering.

Ole Skogen kom ikkje til å fungere som ordførar i Nore. I nyttårshelga vart han sjuk, og den 6. januar døydde han. Enka Margit Skogen sat att med 7 barn. Den minste var nyfødd. Enka greidde ikkje å site med garden Skogen i lengda. I 1929 kjøpte ho eit småbruk i Jondalen ved Kongsberg og flytta dit med barna. Ungane måtte ut på teneste så snart dei var store nok. Nils, som var 10 år i 1929, var gjetargut i Borgegrenda om sommaren. Så snart Lars var konfirmert i 1930, tok han seg teneste hjå ein onkel i Botne. Då Nils kom i same alder, fekk han seg arbeid i Holmestrand.

I 1940 var Lars fjøskontrollør i Østfold, og Nils arbeidde i ei radioforretning i Holmestrand. Begge melde seg til krigsteneste i dagane etter den 9. april, og begge gjorde teneste kvar på sin kant. Nils engasjerte seg tidleg i motstandsarbeid. Hausten 1941, etter at radioane var innleverte, fekk han gjennom forretninga tak i ein radio som gjekk på bilbatteri. Om kveldane skreiv han av meldingar frå London. Han tok endå til eit kurs i stenografi for å få med seg alt som var sagt. Ein faktor i avis «Jarlsberg» trykte opp nokre eksemplar av ei enkel «avis», og Nils Skogen gjekk omkring og stakk avis i postkassene. Etter kvart vart han kobla til eit meir omfattande nett for distribusjon av illegale avisar i Holmestrand. Dette heldt han fram med heilt til han vart arrestert i september 1944. «Det var ikkje noko heroisk ved den arrestasjonen», seier han. Årsaka var at han hadde eit jaktvåpen som han ikkje hadde gøynt unna. Dei illegale avisene han hadde på hybelen, vart ikkje funne.

Ut på nyåret i 1941 kom Lars og fortalte at han hedde meldt seg inn i NS. Nils reagerte først med å seie at då måtte kontakten mellom dei brytast. Dei var begge strie, kvar på sin måte. Kontakten vart oppretta igjen før Lars reiste til fronten om sommaren. «Opplevelser i barndommen hadde vel litt å si for at han trodde det kunne bli bedre med noe helt nytt», seier Nils. I 1937 hadde han gått på Jens Hundseids landbrukskole på Søve. Nils meiner han fekk ein kime av Quisling alt der. Lars gav uttrykk for at han såg opp til Hundseid som politisk leiar.

Lars Skogen reiste til Fallingbostel med Den norske Legion sommaren 1941. I februar 1942 gjekk turen til Leningrad, på Himmlers ordre. Det vart ei dramatisk reise austover for legionærane. Flya som skulle frakte dei, kom ut for snøstorm og sterk kulde. Dei måtte difor gå ned på fleire ulike flyplassar. Dels til fots, og dels på lastebilar og jernbane tok legionærane seg fram vidare til fronten i aust. Det var eit trøsteslaust syn som møtte dei der. Ein straum av utmatta flyktningar kom i møte med dei. Stivfrosne, døde menneskekroppar, soldatar og sivile, låg i snøfonnene og langs vegkantane.

Først blei legionærane spreidde på fleire frontavsnitt innafor Kampfgruppe Jeckeln. Men etter ein ny dragkamp med dei tyske rådgjevarane, fekk Arthur Quist viljen sin. Bataljonen skulle haldast samla. Krasnoje Selo vart deretter forlegningsstad og forsyningssstad for Den norske legion. Den fremste tyske kommandoposten låg ved Finnskoe Korjrova. Ei mørk natt avløyste dei norske legionærane mannskapa frå SS Leibstandarte Adolf Hitler. Denne avdelinga hadde halde stillinga ved Leningrad heilt sidan seinhausten 1941. Februaranettene er kalde der sør for elva Neva som knyter Ladogasjøen saman med Finskebukta. Ei natt kom temperaturen ned i 42 kuldegrader.

Frå skyttargravene kunne legionærane sjå inn i Leningrad, eller St. Petersburg som byen igjen heiter i dag. Dei såg bilar i gatene, berre eit par kilometer unna. Lars Skogen berga seg i mindre enn to månader. På veg fram til frontlinja ved Neva-elva vart han skoten i magen av ein snikskytta. Tilfellet ville at ein av Nils sine kameratar frå Holmestrand gjorde teneste i den same avdelinga som Lars. Denne kameraten var til stades då Lars døydde, og han kunne seinare fortelje broren korleis det gjekk til. Legionen hadde i alt 180 falne på det eine året frå februar 1942 og fram til våren 1943. På gravstaden i Krasnoje Selo stod 157 trekors ved sida av korset til Lars Skogen frå Nore.

Nils har ikkje gøynt på dei breva som broren sende. Men han minnest at Lars ein gong skreiv at legionærane ikkje kjempa for Hitler, men for Noreg. Nils kjende seg stolt over det. Han visste broren var ein idealist, på ein måte: «Han var modig nok til å slåss i 1940 for det han den gangen mente var rett. Og i 1942 gav han livet sitt for det han da trodde var rett. Slik har han min fulle respekt, selv om jeg ikke respekterer hans ideer på noen som helst måte».

### **SS-pansergrenadierregiment Norge og andre frontkjempemasjonar**

I mars 1943 sende Quisling ut eit opprop om å melde seg til teneste i SS-pansergrenadierregiment Norge. Dette kan reknast som den tredje store vervebølgja inn i tysk frontteneste. For å påskunde vervinga vart det mange stader teke i bruk nye vervemetodar. NS- og hird-medlemmer vart kalla inn til møte. For å sleppe ut av lokalet måtte dei anten melde seg til teneste, eller gi ei skriftleg grunngjeving for ikkje å melde seg. Vi kjenner ikkje til at slike vervemøte var haldne i Noreg og Uvdal. Regimentet vart sett inn på Leningrad-fronten i desember 1943 og var med på dei harde kampane under tilbaketoget vestover. I april 1945 vart divisjonen på det nærmaste utsletta i kampane kring Berlin.

Soldatane i dei tre første frontkjempemasjonane var elitesoldatar som vart sette inn på dei hardaste frontavsnitta. Mange av dei hadde sett fram til ein militær løpebane og rekna seg som yrkesmilitære. Denne typen teneste høvde ikkje for alle dei som var aktuelle som frivillige ved fronten. SS-skijegerbataljon var oppretta spesielt med tanke på teneste i Finland, og som namnet seier, skulle soldatane bruke ski i vinterhalvåret. Starten på bataljonen var eit skijegerkompani under leiing av Gust Jonassen, idrettsleiaren i NSUF. Når det vart kjent at nordmenn nå endeleg kjempa i Finland, søkte frontkjemparar frå andre avdelingar seg over dit, og nye kom til. På den måten vokt

skijegerkompaniet vinteren 1943-44 til ein bataljon. I august kom det ei ny gruppe frivillige. Dei fleste hørde til det såkalla 3. politikompaniet som for ein stor del var rekruttert mellom politifolk. Den finske kapitulasjonen den 4. september 1944 tvinga skijegerbataljonen til å rømme landet, saman med dei tyske hæravdelingane i nord. Bataljonen kom til Oslo ved juletider i 1944. Frode Halle var då sjef for bataljonen. Eit fjerde politikompani, som aldri rakk å komme til fronten, gjekk inn i skijegerbataljonen kort tid før freden.

Den tyske politigeneralen Rediess ønskte å bruke bataljonen til å styrke det tyske politiet. Frode Halle ville ikkje halde fram med å leie bataljonen i Noreg under slike vilkår. Reidar Egil Hoel tok difor over. Han var sjef for bataljonen ved frigjeringa. I mellomtida hadde bataljonen vorte splitta opp i seks motoriserte politikompani og blanda med tyske einingar i «506 motoriserte SS- og politibataljon». Desse mannskapa var spreidde på fleire forlegningsstader i Sør-Noreg. Ei avdeling låg på Helseheimen på Vikersund. Det var soldatar frå denne blanda avdelinga med tyske politisoldatar og norske skijegrar som kom til Haglebu om morgonen den 26. april. Somme av dei hadde tidlegare vore med på liknande oppdrag andre stader i Sør-Noreg.

SS-Vaktbataljon organiserte vaktstyrkar innafør ramma av Waffen-SS. Sjefen for Vaktbataljonen var Obersturmbannführer Bettenhäuser. Han hadde hovudkvarteret sitt i Holmestrand. Det var mannskap frå Vaktbataljonen som heldt vakt ved kraftstasjonen i Nore den siste krigsvinteren. Ein ung mann frå Uvdal gjorde teneste i bataljonen. Som fengselsbetjent ved Oslo kretsfengsel fekk han tilbod om plass på eit kurs for fengselsfolk, og vart lova fast tilsetting når kurset var over. Dette er eit nyt døme på dei rekrutteringsmetodane som var nytta for å få folk inn i tysk teneste. Etter at kurset var slutt, vart han kledd i tysk uniform og sendt til Nord-Noreg for å bygge fangeleiarar og halde vakt over sovjetiske og jugoslaviske fangar. Han lykkast i å komme seg ut av tenesta sommaren 1944.

### Hirdens Bedriftsvern og Hirdens Alarmenhet

Etter den tyske opprensinga i politiet hausten 1943, leid politiet av mannskapsmangel. Det var eit problem som gjekk att i heile det tyske maktapparatet på slutten av krigen. Tyskarane ønskte difor å innkalle hirdmenn til våpenøvingar slik at dei kunne gjere teneste som reservepoliti. Ein del slike mannskap vart våren 1944 sette opp i Hirdens Bedriftvern og sendt til viktige industristadar slik som Notodden og Kongsberg. I Nore og Uvdal kan vi merke stor uvilje mot slik teneste. Frykt for å bli offer for ei fordekt tysk mobilisering til krigsinsats gjorde seg gjeldande også mellom hirdmenn og andre aktive partifolk. Vanlege hirdavdelingar bar ikkje våpen. Mange NS-folk sette eit skilje der. Dei ønskten ikkje å bere våpen som kunne bli nytta mot eigne landsmenn.

Hirdens Alarmenheter er eit anna uttrykk for den omorganiseringa av Hirda som skjedde på slutten av krigen. Hirdens Bedriftsvern og Hirdens Alarmenheter utgjorde våren 1945 rundt 2000 mann. Dei hadde status som hjelpepoliti og stod operasjonelt under den tyske politigeneralen. Men dei kunne ikkje innkallast utan etter samtykke frå NS-føraren. I Buskerud vart Alarmenheten organisert i februar 1945.

Hirdens Alarmenhet i Drammen var organisert i to kompani under leiing av dyrlege Julius Bråten. Eit kompani med mannskap frå Telemark heldt til i Tinghuset, og eit kompani med folk frå Buskerud budde på Hotel Royal. Sjefen for Buskerud-kompaniet var Andreas Østgaard, som også var hirdsjef i Buskerud. Når Østgaard tenker attende på tenesta i Alarmenheten, legg han lite vekt

på dei meir politimessige oppdrag han var med på. Det meste av tida gjekk mannskapa og dreiv utan å ha noko å fylle tida med. Fleire av utfluktene var difor motivert ut frå ønskjet om å halde mannskapa i aktivitet, seier han. Han meiner at den viktigaste rolla til Alarmenheten var å gi autoritet til partiføraren. Østgaard uttrykker seg slik: «Quisling ville styrke sin makt. Det var så viktig for Quisling å bygge opp noe militært, at han så seg blind på dette. «Har jeg menn bak meg med våpen, kan jeg møte tyskerne øyne til øyne», tenkte han. Det var barnslig. Det syntes jeg da, og det synes jeg ennå».

Mannskapa i Alarmenheten var godt vaksne. Fleire av dei var i 40- og 50-åra. Yngre partimedlemmer var på denne tida oftest plasserte inn i andre tenester der det var god bruk for dei. Vervemetodane kunne vere nokså hardhendte. Somme stader vart utskrivne hirdfolk henta av lensmannen og sende av stad. Dei som var innkalla frå Nore, høyrde også til mellom veterananane, både når det galdt alder og når det galdt medlemstid i NS. Christian Langseth var fødd i 1888, Erik Haugan i 1892, Nils Paulsen i 1895 og Gunnar M. Nilsen i 1899. Ingen av desse gjorde teneste samanhengande frå februar og fram til freden. Christian Langseth og Nils Paulsen var ulykkelege nok til å vere til stades i forlegninga på Hotel Royal om kvelden den 23. april 1945. På den måten kom dei med i aksjonen i Eggedal. Dei kosta dei fleire år i tillegg på straffa under oppgjeret etterpå.

.....

#### I/7 Marg

Rekruttar som skulle gjere teneste i tyske militære avdelingar måtte sverge truskapseid til Hitler. Eiden lydde slik:

Ich schwöre Dir, Adolf Hitler,  
als Führer und Kanzler des Reiches,  
Treue und Tapferkeit.  
Ich gelobe Dir  
und den von Dir bestimmten Vorgelegten  
Gehorsam bis in den Tod,  
so wahr mir Gott helfe.

#### I/7/ Marg

Bedre mennesker?

Å drepe fanger er mord, og ødelegger oss selv. Vel er det ofte en nervøs situasjon når man tar fanger. Man må være våken, såvel over for sine egne som fiendens bevegelser. Det oppstår så lett noe som kan misforstås, og det blir da lett blodbad. Men er først fangene avvebnet, så er de ved Gud bare noen stakkars frysende djeveler, som har lyttret en ordre, nøyaktig som oss selv. Har dere en kopp kaffe å spandere, så gjør det.

Husk en ting: Vi skal gå ut av denne krig som bedre mennesker enn vi gikk inn i den. Det er bare at vi aldri noensinne gjør en uverdig handling. Krigens poeng er å seire, og er ikke unødig å lage likhauger.

Henrik Brun til soldatane i kp 7 ved Narvik